

REFERAT

FAU-møte, 27. september 2016

Tid: 18.00-19.40.

Stad: Fagerborg skole

Møtte: Sofie Skoug (vara, 9D), Hilde Malme (vara, 10A), Anne Marie Groth (10A), Arne Fried (vara, 9B), Gaute Stensrud (9A), Ingmar Meland (8B), Eivind Haanes (9C), Ingrid Glad (9B), Gulim Murzakanova (8A), Monica Boracco (vara, 8E), Kristina Aarekol (8E), Gavin Bell (8F), Marit Kilen (9D).

INNLEIING

Avtroppande leiar Sofie Skoug opna møtet, som starta med ein kort presentasjonsrunde. Dinest gjekk ordet til rektor Elin Brandsæter, som orienterte om si eiga rolle i FAU-møta og leiinga si vurdering av skulestart. Rektor er vanlegvis med på møta den fyrste halvtimen. Ho understreka kor viktige desse møta er for skuleleiinga. Viktige poeng:

- **Open dialog:** FAU er ein viktig kommunikasjonskanal mellom foreldre og skuleleiing. Foreldra må gje klåre meldingar dersom noko er uklårt eller ikkje på stell – også tilbakemelding om slikt som er bra.
- **Læringssenteret:** Det trengs gode bøker. Kva kan FAU gjere?
- **Rektor er nøgd** med elevane og med starten i haust. Korleis ser det ut frå foreldra si side? Generelt er inntrykket at starten har vore bra.

Avtroppande leiar forsette med å skissere ein dagsorden: (1) Orientering om korleis har ein jobba i FAU og i styret. (2) Orientering om kva for tema som FAU så langt har definert som interessante å arbeide med. (3) Val av nytt styre. (4) Ymse.

1. ARBEIDSFORMER

FAU skal vere eit aktivt organ som gir innspel og prøver å setje dagsorden i høve til skuleleiinga. Det nye FAU må sjølv definere oppgåvene sine og kva for tema som skal løftast fram, men både arbeidsformene og temaa som er etablerte bør vidareførast.

- Det er møter i FAU den fyrste tysdagen i kva månad, så sant det ikkje er ferie eller ein helgedag.
- Organisasjonen har vore så liten som mogleg. Styret har berre hatt to medlemmer (leiar Sofie Skoug og vara Arne Fried). Det har fungert fint. Kasserer og skrivar (sekretær) har ikkje vore naudsynte funksjonar. Leiar har ansvar for å ha oversyn med kven som er med i FAU og utarbeiding av dagsorden og nestleiar/vara har hatt ansvar for kommunikasjonen med skuleleiinga.
- Utviklingsleiaren på Fagerborg legg ut møtereferata på nettsidene. Dei skal vere tilgjengelege for medlemmene i FAU.
- I tillegg til møtereferat, ligg også ein årsrapport om korleis ein har arbeidd og kor langt ein har kome med dei ulike sakene på nettet.
- FAU har fått med seg pengar frå Ila. For å ha konto, må ein ha eit organisasjonsnummer. For å få det må ein også ha eit stiftingsdokument. Det er laga statuttar og dette ligg på heimesida til skulen. Det er også laga

kontraktar om kva ein FAU-rep. gjer og kva skulekontakten gjer.

- Ein har elles jobba med saker og tema i **arbeidsgrupper**, ein praksis som bør førast vidare (sjå nedanfor).

2. TEMA

Orienteringa om ulike tema som har vore drøfta og arbeidd med tok mesteparten av tida. Det var både interessant og informativt. Mange innspel og idear kom opp i diskusjonen. Her er eit kort samandrag:

- **Læringsmiljø** og kvaliteten på læringa. Foreldra kan kome med bidrag. Kva kan t.d. foreldre bidra med på fagdagen?
- **Det sosiale miljøet**: Barna sitt miljø heng saman med dette at foreldra også har eit miljø (sjå også nedanfor).
- **Bydelshus**: Denne skulekrinsen er den einaste som ikkje har ein fritidsklubb. Den gamle prestebustaden i Stensparken er på tale
- **Reise/tur**: Mest aktuelt i høve til 10. klasse. Skulen er negativ til slike turar, men FAU har uttrykt at ein vil prøver å finne ei løysing som gjeld alle klassar på ein eller annan måte (De hbite bussene). Prinsippet er: Alle skal kunne vere med. Difor er ein imot foreldrebetaling. Dette blir eit viktig tema for det nye FAU.
- **Oppgåvene til FAU krev oppfølging**. Annakvar månad blir det jobba som i ei arbeidsgruppe. Skal vara-rep. trekkjast meir inn i arbeidsgruppene til idémyldring, etc.? Spørsmål som må avklarast: Kva skal vara-rep. si rolle vere?
- **Hærverk, rus og førebyggjande arbeid**: Skuleleiinga har spela ballen over til FAU i denne saka. Det kan vere ei oppgåva å etablere kontakt med politiet og få dei inn i høve til førebyggjande arbeid. Det er bra dersom FAU her kan påverke skuleleiinga til å ta i bruk den etablerte modellen som finst ved andre Oslo-skular. Skal FAU arrangere eit allmøte fyrst, og så prøve å arbeide for ein slik modell som andre OSLO-skular har?
- **Felles regelsett**: Skulen oppmodar foreldre om å etablere felles referansar, grenser og reglar for elevane, men korleis kan foreldra møtast for å avklare slikt. Bli kjent med foreldra i klassen som barnet ditt går i.
- **Forslag til nye tema**: (1) *Miljøundersøking*: Skulen ligg nær inntil Kirkeveien - korleis er det med svevestøv og miljøet? Er det eit problem? Det skal setjast ut miljømålarar på sykkelstativa i Oslo. Det vil samlast inn data om svevestøv-nivå, m.m.. Skal slike målarar også plasserast på skular i Oslo. Forslag: Å få til ei slik miljøundersøking. (2) *Kva synes elevane om maten?* Altså: Det er ein god idé med varm mat. Mange seier det er bra, men: må det vere berre vegetarmat? Går det an å kome med forslag? (3) *Organiseringa av matpausen*: Det er ofte lang kø. Det er ingen plass å sitje. Går det an å foreslå utbetringar, t.d. organisere det annleis, forskyve. Det er bydelen som har ansvaret for å drive kantina. Forslag: FAU kan be bydelen om orientering om mattilbodet og samstundes be leiinga ved skulen om å legge inn i elevundersøkinga eit punkt om dette (eventuelt på *Its learning*).

3. VAL

Eivind Haanes er valt som leiar av styret (akklamasjon). Eivind vil gjerne ha ein som er erfaren som nestleiar eller vara-leiar. Ingmar Meland er vald som vise-styrar (ved

akklamasjon). Meland vil gjerne ha konsulenthjelp frå dei som har erfaring frå FAU-arbeid. Haanes vil gjerne supplere styret med ein skrivar (sekretær).

4. YMSE

Det kom opp nokre spørsmål til sist:

- Kva er datoen for neste møte?
- Ta opp spørsmålet om arbeidsgrupper på neste møte.
- Resultata frå elevundersøkinga blir presentert for FAU. Det same gjeld resultata frå nasjonale prøvar. Korleis skal dei formidlast vidare av FAU?
- Spørsmål: Korleis er det med teieplikt og kva som bli referert frå møta i FAU?

Referent: Ingmar Meland

Merknader til referatet til ingmar.meland@gmail.com innan 4. oktober 2016.